



Fløysand Va AS  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1598 - 17/21902

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
03.11.2017

## Godkjenning - GBNR 43/26 - Løyve til plassering av vassleidning og nytt reinseanlegg, samt tilkopling til kommunalt vassanlegg og utslepp av sanitært avlaupsvatn - Ryland

**Administrativt vedtak. Saknr: 291/2017**

**Tiltakshavar:** Ragnar Berg Hansen  
**Ansvarleg søkjar:** Fløysand VA, as  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til plassering av vassleidning over gbnr. 43/4 fram til 43/26, samt tilkopling til kommunalt vassanlegg og utslepp av sanitært avlaupsvatn.

Gbnr. 43/26 er matrikkelregistrert med eit areal på om lag 0,9 daa, og Eli og Ragnar Berg-Hansen står registrert som heimshavarar. Eigedommen er bebygd med ein fritidsbustad og ein garasje.

Vi viser til søknad om tilkopling til kommunalt vassanlegg og søknad om utslepp av sanitært avlaupsvatn med vedlegg, journalført motteke 12.6.2017 og 4.9.2017, komplett med søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova og situasjonskart journalført 26.10.2017.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket har ikkje vore nabovarsla, men ettersom eigar av gbnr. 43/4 har samtykka til omsøkt plassering og tiltaket ikkje har betydning for naboar og gjenbuarar sine interesser, finn ikkje administrasjonen grunnlag for å krevje nabovarsling, jf. pbl § 21-3 andre ledd.

#### Lov- og plangrunnlag:

Plassering av vassleidning og minireinseanlegg er konstruksjonar som er søknadspliktige etter pbl § 20-2, jf. § 20-1 bokstav a). På bakgrunn av lengda er tiltaka søknadspliktige med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-3.

Leidninga er omsøkt plassert på areal som er satt av til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF-område) i arealdelen til kommuneplanen. Ettersom plasseringa i dette tilfellet ikkje vil gje varige sår i terrenget eller vanskeleggjere landbruksdrifta, kan administrasjonen ikkje sjå at tiltaket er i strid med LNF-formålet. Vi føreset i den samanheng at terrenget vert tilbakeført og sådd i.

#### Plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne eit byggverk si plassering, og at byggverk skal ha 4 meters avstand til nabogrenser, jf. andre ledd. For varige konstruksjonar gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl § 30-4 første ledd. På bakgrunn av omsøkt plassering kan administrasjonen ikkje sjå at avstandskravet i pbl § 29-4 gjer seg gjeldande i dette tilfellet, då omsynet til branntryggleik, lys og luft ikkje får betydning.

#### Privat rett til framføring av vassleidning og utslepp av sanitært avlaupsvatn:

Det følgjer av pbl § 27-1 at «[r]ettighet til å føre vannledning over annens grunn, alternativt til å knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annen måte som kommunen godtar som tilfredsstillende.» Det same gjeld for utføring av sanitært avlaupsvatn, jf. pbl § 27-2.

Tiltakshavar har fått løyve til det ovannemnde av eigar av gbnr. 43/4.

#### Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 12.6.2017. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 løyve til plassering av vassleidning over gbnr. 43/4 fram til, og over, gbnr. 43/26, og løyve til plassering av typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg. Plassering skal vere som vist på vedlagte situasjonsplan og terrenget skal tilbakeførast og såast i.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.*

*Meland kommune godkjenner at eigedomen vert knytt til kommunalt vassanlegg på følgjande vilkår:*

- Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.
- Tilknytninga skal skje i kum. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.
- Dersom De ynskjer å leiga vassmålar må det gjevast melding til kommunen om dette.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret for vatn er kr. 20 000,- + mva.

Vidare gir Meland kommune, i medhald av forskrift om begrensing av forureining § 12-5, utleppslyve frå fritidsbustaden på gbnr. 43/26, i samsvar med søknad journalført 4.9.2017 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng i eksisterande anlegg.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Vedlegg:**

Situasjonskart  
Situasjonskart

**Kopi til:**  
Ragnar Berg-Hansen

Nattlandsfjellet 47 5098

BERGEN

**Mottakere:**

Fløysand Va AS

Fløksand

5918

FREKHAUG